

## Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 23.01.2018

**Kjell Håland (A)** sette fram slikt forslag til vedtak:

«Fylkesrådmannen sine pkt. 1 og 2 blir erstatta med følgjande nye pkt:

1. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjeve konsesjon for Opo flaumkraftverk. Fylkeskommunen vurderer at den flaumdempande effekten i storelva, frå Sandvin og oppover til Hildal, er eit betydeleg argument for å gi konsesjon til bygging av flaumkraftverket. Tryggleik for hus, heim, liv og helse må vektleggast tyngst når NVE tek stilling til søknaden.
2. Hordaland fylkeskommune ber NVE legge til grunn det vassføringsregimet som er føreslege i søknaden.»

### Røysting

Håland sitt forslag til nytt pkt. 1 og 2 vart samrøystes vedteke mot rådmannen sitt forslag som fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 3 til 10 vart elles samrøystes vedteke slik det låg føre.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjeve konsesjon for Opo flaumkraftverk. Fylkeskommunen vurderer at den flaumdempande effekten i storelva, frå Sandvin og oppover til Hildal, er eit betydeleg argument for å gi konsesjon til bygging av flaumkraftverket. Tryggleik for hus, heim, liv og helse må vektleggast tyngst når NVE tek stilling til søknaden.
2. Hordaland fylkeskommune ber NVE legge til grunn det vassføringsregimet som er føreslege i søknaden.
3. Hordaland fylkeskommune vil be NVE vurdera statleg flaumsikringsbidrag for å sikra drifta av Opo flaumkraftverk
4. Av omsyn til anadrom fisk skal det etablerast fisketrapp forbi Eidesfossen og dessutan leiemekanismar. Vassføringa i Opo må tilpassast vandringsmønsteret til fisken og skal bidra til positiv oppleving av fiske. Ein må nyta den fiskefaglege vurderinga frå UNI til å setja rett minstevassføring gjennom året
5. Under opparbeiding av området må ein søkja å unngå inngrep i eller skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar, stiar, bakkemurar, tufter m.m..
6. Tiltaket utløyser meldeplikt etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar vert avdekte under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.
7. Utifrå vassforskrifta skal tiltaket i utgangspunktet ikkje endra kvaliteten på vassførekosten.
8. Sandvinvatnet må undersøkast for vasskvalitet før ein set i gang tiltaket. Konsekvens av utfylling for campingplass må vurderast nøyne.
9. Ein må unngå at ein får flytting av sediment på sjøbotnen der flaumtunnelen kjem ut.
10. Det må takast vassprøvar i Opo før og etter tiltaket for å ha overvaking av forandring av vasskvaliteten.